

Medlemene vert med dette kalla inn til møte.

Varamedlemer får innkallinga, møter berre etter særskild innkalling.

Vert du av lovlege grunnar hindra i å møte, må du melde frå til Anne Liv Lidtveit på tlf. 99 38 66 30 eller e-post post@konesjonskraft.no

Valle, 15.08.2016

Innkalling til møte i KIKS - Styret
22.08.2016 kl. 09:00 i Åseral rådhus

Til handsaming:

Saksnr	Innhold
PS 35/16	Referatsaker
PS 36/16	Orienteringar
PS 37/16	Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning
PS 38/16	Status strategiplan
PS 39/16	Risikostrategi
PS 40/16	Drøftingssaker
PS 41/16	Unntak frå risikostrategi

Etter styremøtet blir vi med Agder Energi Vannkraft på synfaring i Nye Skjerka.

Etter synfaring blir det felles møte med Arbeidsutvalet i Agder Energi.

Terje Damman
styreleiar

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

Saksnr	Innhold
PS 35/16	Referatsaker
RS 3/16	Oppsummering Hydrologiseminar
PS 36/16	Orienteringar
PS 37/16	Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning
PS 38/16	Status strategiplan
PS 39/16	Risikostrategi
PS 40/16	Drøftingssaker
DR 5/16	Risikostrategi_utkast
PS 41/16	Unntak frå risikostrategi

PS 35/16 Referatsaker



Hydrologitenester og norske kraftkommunar

Oppsummering seminar Sølv garden 29. og 30. juni 2016

A

Sikre kraftkommunane robust og framhaldande tilgong til naudsynte hydrologitenester.

Stoda i dag:

Hydrologiservice AS v/Einar Østvold er i dag på det næraste eineleverandør av hydrologitenester til norske kraftkommunar. Samstundes er etterspurnaden etter desse tenestene idag avgrensa og utgjer berre delar av eit årsverk.

- Hydrologiservice AS vil delta i eit arbeid for å sikre ein robust og framhaldande tenesteyting.
- Faun Naturforvaltning AS i Fyresdal er interessert i å satse på fagfeltet og skaffe seg ytterlegare kompetanse gjennom vidareutdanning og samarbeid med Hydrologiservice. Faun har i dag god kompetanse på mange vassdrag i Sør Norge og i Nord-Norge. Faun har eit godt og breitt fagleg nettverkssamarbeid med mange fagmiljø.
- LVK vil prioritere dette arbeidet.
- Markedskraft kan vere med på behovsvurderinga framover. Markedskraft vil og vurdere å styrke sin eigen kompetanse på området.
- KIKS har teke på seg ansvaret for å koordinere dette arbeidet.

Utfordringar:

Tenesteleverandør:

Leverandør av hydrologitenester må i tillegg til spesialkompetanse innafor fagfeltet og ha god kjennskap til gjeldande norsk vassdragslovgjeving og regelverk heimla i same lovgjevinga. Det er og naudsynt å ha kjennskap til norske vassdrag og tilgong til grunnlagsdata.

KIKS har fleire oppdrag som gjeld utrekning av kraftauke og fordeling av konsesjonskraft liggjande som kan utførast av Einar Østvold i samarbeid med Faun Naturforvaltning. Det er viktig at Faun set av tid og ressursar til dette; KIKS er viljug til å dekke ekstra timeverk innafor avtalt ramme til Einar Østvold for å sikre god kompetanseoverføring til Faun.

Faun naturforvaltning vert utfordra til å lage ein plan for eiga kompetanseutvikling/forretningsutvikling. Målsettinga er at Faun skal kunne tilby gode tenester innafor hydrologiområdet og at dette tilbodet skal gjerast kjend for kraftkommunane. LVK kan vere med å marknadsføre dette samarbeidet til sine medlemskommunar.

Markedskraft ønskjer å levere gode forvaltnings og fullmektigtenester til konsesjonskraftkundene.

Kommunane:

Den einskilde kommunen /samarbeidsorgan på kommunesida må ha god basiskompetanse om hydrologi og spesialkompetanse på eige vassdrag for å kunne tinge dei rette tenestene frå leverandør.

Det er sannsynleg at det i dag er eit underforbruk av hydrologitenester i norske kommunar. LVK gjennomfører regelmessige møte med alle medlemskommunane og vil gjere behovet for innkjøp av hydrologitenester kjent for dei det gjeld. KIKS og Konsesjonskraftstyret i Telemark vil sjå nærare på dette avgrensa til den geografiske virkekrinsen i Telemark.

LVK ønskjer eit samarbeid med KIKS, Einar Østvold og Faun og legg til grunn at Faun sjølv må satse på forretningsideen.

Markedskraft:

Markedskraft er i dag forvaltar og fullmektig for ei rad konsesjonskraftkunder- tilsaman gjeld dette om lag 3 TWh pr år(?). Selskapet har i dag tilsett meterolog og har eit godt datatilfang når det gjeld kraftverk og tilsig i norske kraftverk. Selskapet har og god analysekompetanse og kan stille dette til rådvelde i eit vidare utgreiingsarbeid etter nærare avtale.

Behovsvurdering:

Stikkord:

- Vilårsrevisjonar av konsesjonar gjevne på 60- og 70-talet. LVK arbeider for å få styrka kostnadsdekningsføresegna i vilårsrevisjonsreglementet.
- Vanndirektivet.
- Nye konsesjonar etter vassdragsreguleringslova og vannressurslova og utrekning av konsesjonskraftkvanta.
- Dialogbasert oppfølging og kontroll av NVEs utrekningar.
- Nyare konsesjonar og manglande oppfølging?
- Er det eit udekket behov? Konsesjonskraftstyret i Telemark og KIKS har avtalt eit samarbeid som skal teste dette.

Arbeidsgruppe:

Det vert sett ned ei arbeidsgruppe med representantar for LVK, Hydrologiservice, Markedskraft, Faun, Konsesjonskraftstyret i Telemark og KIKS som skal vurdere behovet. Arbeidsgruppa skal levere ein rapport på dette innan 1/10 2016.

Frå KIKS deltek Glenn Qvam Håkonsen, Arne Tronsen er sekretær for gruppa.

Øvrige deltakarar melder attende til Arne Tronsen innan 10/8 då kven som deltek.

Målsettinga for det vidare arbeidet:

På bakgrunn av behovsvurderinga frå arbeidsgruppa og prosjektplan frå Faun skal både LVK, KIKS og Konsesjonskraftstyret i Telemark bidra at eit ny framtidig leverandør av hydrologitenester blir presentert for kraftkommunane.

Tidsaspekt og framdrift for vidare arbeid blir lagt til arbeidsgruppa.

B

Oppfølging av prisutrekningar OED-prisen

Stoda i dag:

Det er i dag tre ulike prisregime på konsesjonskraft.

- 1) Individuell sjølvkost pr. kraftverk som nyttar reguleringskonsesjonar eldre enn 10/4 1959.
- 2) Gjennomsnittleg sjølvkost på kraft frå alle kraftverk som nyttar regulerings- og/eller ervervskonsesjonar yngre enn 10/4 1959.
- 3) Gjennomsnittlig sjølvkostpris for all konsesjonskraft frå Sira-Kvina utbygginga i medhald av høgsterettsdomar frå 1978 og 1993.

KIKS orienterte om følgjande:

- Arbeid med individuell sjølvkost i Mandalsvassdraget:

KIKS og AEVK er samde i prisen for 2016. Målsettinga med arbeidet har vore ein korrekt pris over tid og ein pris som vert omforeina året før leveringsåret.

- Arbeid med sjølvkost Sira-Kvina vassdraga:

KIKS har no teke ut søksmål andsynes Sira-Kvina kraftselskap for feilaktig prisutrekning. Dette av di selskapet nyttar ein for låg middelproduksjon som delingsfaktor.

Konsesjonskraftstyret i Telemark og KIKS orienterte om sitt arbeid med utrekninga av OED-prisen. Det var semje om å følgje opp dette.

Målsetting med arbeidet:

- Prisutrekninga OED-prisen må bli meir tilgjengeleg og kontrollerbar for konsesjonskraftmottakarane.
- NVE/OED bør fastsetter meir detaljerte retningsliner for utrekninga slik at det er mogeleg å kontrollere datatilfanget og sjølve prisutrekninga for det einskilde året.

Det var semje om at LVK skal leie dette arbeidet.

Oppgåver:

LVK ber OED omdatagrunnlaget for utrekninga av dei årlege prisane frå 2010 og frametter. Dette gjeld driftsutgifter, eigedomsskatt, konsesjonsavgifter og avskrivningar for kvart kraftverk.

LVK vurderer følgjande problemstillingar:

- Kva er heimelen for at OED-prisen i røynda vert fastsett med atterhald?
- Det framgår at OED år om anna systematisk korrigerer OED-prisen for feil gjort dei føregåande 1-2 åra.
- Korleis vert korrigeringa gjennomført?
- Korleis vert justeringsfaktorane på dei ulike kostnadselementa fastsett?

Konsesjonskraftstyret i Telemark kan sjå på kjeldedata saman med Markedskraft og KIKS. I dette arbeidet skal ein og sjå på om utvalet av kraftverket er representativt. Dette føreset tilgong til datagrunnlaget, jfr ovanfor punkt A.

Markedskraft kan sjå på alle data på utvalde kraftverk – middelproduksjon basert på tilsigsserie 1970-99 og installert effekt.

Møter i fyrste møte i Energirådet og orienterer om arbeidet.

Valle 6/7 2016

Arne Tronsen
rådgjevar

PS 36/16 Orienteringar

PS 37/16 Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning

PS 38/16 Status strategiplan

PS 39/16 Risikostrategi

PS 40/16 Drøftingssaker



KONSESJONSKRAFT IKS
– vaktar rettane og tek vare på verdien

RISIKOSTRATEGI



Styret og PFU på veg inn i Kvittdal kraftverk, august 2015

Vedtatt styret XX.XX.XXXX

BAKGRUNN OG MÅLSETTING

Konsesjonskraft IKS (KIKS) er ein sjølvstendig deltakar i kraftmarknaden.

Målsettinga er å forvalte konsesjonskrafta med heimel i selskapsavtalen mellom deltakarane av KIKS, datert 3. september 2014 og denne risikostrategien. Side | 2

KIKS skal drive krafthandel innanfor gjevne rammor for å kunne utbetale tilfredsstillande og pårekneleg avkastning til deltakarane. KIKS må difor ta posisjonar i marknaden, noko som fører med seg risiko. Risikostrategien skal styre og regulere denne risikoen.

Styret i Konsesjonskraft IKS er ansvarleg for Risikostrategien og at den vert evaluert årleg. Styret skal to gonger i året orientere representantskapet om erfaringane med gjeldande risikostrategi, om det evalueringsarbeidet som går føre seg og eventuelle endringar.

ANSVAR OG KOMPETANSE

Dagleg leiar er ansvarleg for å organisere krafthandelen.

Dersom dagleg leiar må vere ansvarleg for den operative krafthandelen, går ansvaret til dagleg leiar som fylgjer under, over til styreleiar.

Ansvarleg for krafthandel i Konsesjonskraft IKS har ansvar for:

- at sikrings- og risikorammer skal haldast.
- det operative ansvaret for handel på børs og for den bilaterale handelen.
- ansvaret for å ta posisjonar innafor dei rammene som styret har godkjent
- å syte for at involverte parter i praktiseringa av krafthandelsfunksjonen har nødvendige fullmakter

Dagleg leiar i Konsesjonskraft IKS har ansvaret for:

- at risikostrategien er godt kjent av alle som den får verknad for
- at selskapet følgjer strategien
- at det vert sett i verk tiltak dersom rammene ikkje vert haldne
- at kompetent personale løyser oppgåvene, og at kjernekompetanse er spreidde på fleire personar

Controller skal sjå til at oppfølging og rapportering skjer i samsvar med reglement.



DEFINISJONAR

KIKS kjøper konsesjonskraft frå alle kraftverka som anten ligg innanfor det geografiske området deltakarane representerer eller som nyttar regulert vatn som kjem frå fall og magasin frå dette geografiske området.

Konsesjonskrafta vert anten seld fysisk på Nordpool Spot eller fysisk bilateralt. Vidare vert det handla finansielle instrument på Nasdaq OMX og/eller inngått bilaterale finansielle avtalar. Risikostrategien styrer både den fysiske og finansielle handelen.

Viktige definisjonar for krafthandel

- Sikring Finansielt sal av framtidig fysisk kraftleveranse
- Sikringsperiode Perioden ein gjennomfører sikring.
- Sikringsgrad Kor stor prosentdel av krafta som er sikra innanfor sikringsperioden
- Jamn sikring Ein simulert krafthandel som handlar lik mengde kraft kvar handledag. Sikringsgraden aukar jamt for kvar handledag og bli sett til 95 % den 1.oktober før leveringsåret startar.
- Motpartsrisiko Risiko for ein kontraktmotpart ikkje kan eller vil innfri fordringane, til dømes fordi han går konkurs. Risikoen er då at KIKS tapar pengar gjennom at ein god kontrakt må bytast ut med ein dårlegare kontrakt
- Administrativ risiko Samlerisiko for system, personar og interaksjonar mellom dei.
- Clearing Børsen (Nasdaq OMX commodities) vert mellomledd og tek bort motpartsrisikoen ved handel
- Månadsblokkmodell Tabell utarbeidd av NVE som bestemmer den månadsvisse fordelinga av konsesjonskraftmengde i kalenderåret.
- Rebalansering Kjøp eller sal av kvartals- og månadsprodukt for å sikre krafta etter månadsblokkmodellen
- Områdeprisrisiko Den fysiske krafta vert levert i NO2 (Sør-Noreg), mens handel på Nasdaq OMX commodities vert på systemprisen. Prisforskjellen blir kalla områdeprisrisiko

ORGANISERING AV KRAFTHANDELEN

Krafthandelen skal optimaliserast innafor fastsette rammer og mynde. Handelen er difor delt i ulike porteføljar. Porteføljar som femnar om sikringsposisjonar skal skiljast frå porteføljar som inneheld risiko.

Alle finansielle kontraktar som KIKS gjer skal gjennomgå clearing på NASDAQ OMX commodities Europe dersom ein ikkje har avtalt anna. Dette vert gjort for å eliminere motpartsrisiko. Dersom clearing ikkje kan gjennomførast, skal motparten vurderast og

godkjennast av styret før kontrakten er endeleg.

SIKRINGSSTRATEGIAR

Sikringa startar 3 år og 1 kvartal den 1. oktober før det aktuelle året som skal sikrast.

Side | 4

Dagleg leiar kan avvike frå jamn sikring heile sikringsperioden sett under eitt med inntil 150 GWh.

Posisjonar og resultat målt mot jamn sikring, skal rapporterast månadleg. Posisjonar skal kvar månad rapporterast og det skal målast korleis KIKS økonomisk greier seg opp mot jamn sikring.

Sikring skjer som handel etter ordre.

Dersom den venta prisutviklinga skil seg frå marknadsprisen med minst 4,0 €/MWh, kan dagleg leiar sjå vekk frå normalstrategien. Aktuelt utfallsrom i pris skal vere ein del av vurderingane. Dersom dagleg leiar ser vekk frå normalstrategien, kan sikringa skilje seg frå normal sikring med inntil 450 GWh for heile sikringsperioden. Dagleg leiar har også avgjerdsrett til å normalisere sikringsgraden. Ramma for avvikshandel og avvik frå jamn sikring gjev ei total ramme på inntil 600 GWh.

Valutasikring skal gjennomførast samtidig med kvar sikringshandel. Dette gjeld også ekstraordinære sikringshandlar.

Områderisiko skal normalt ikkje sikrast, men status mot budsjetttramma skal rapporterast til styret og porteføljeutvalet kvar månad.

Dersom noteringa på Nasdaq OMX for vedkomande produkt gjev ei sannsynleg brutto inntekt på 35 øre/kWh eller meir, kan dagleg leiar lukke opne posisjonar heilt eller delvis. Det skal ikkje takast omsyn til områderisiko i denne vurderinga. Dagleg leiar skal grunngje eiga avgjerd.

Rammer for risikoporteføljar

I tillegg til sikringshandlar kan KIKS ta risiko for eiga rekning. Endeleg risikokapital for vedkomande år vert vedteke i kvart budsjett.

Total risiko for KIKS kan delast i fleire porteføljar. Dagleg leiar får fullmakt til å fastsetje om porteføljen skal delast og korleis den eventuelt skal delast.

Open posisjon skal følgje Nasdaq OMX sin utrekningsmetode for marginkrav. Den opne posisjonen for denne risikoporteføljen må aldri vere meir enn 50 % av maksimalt tap (stop loss).



RAPPORTERING OG DOKUMENTASJON

Dagleg leiar er ansvarleg for all rapportering.

Side | 5

Styret skal kvar måned, med unntak for juni måned, få rapportar som syner:

- Resultatet av den totale kraftomsetninga
- Totalresultat i høve jamn sikring
- Status områderisiko og rest avsett budsjetttramme
- Dei eventuelle vedtaka dagleg leiar har gjort i samsvar med delegert mynde heimla i denne risikostrategien og dei økonomiske resultatata desse vedtaka har ført til.
- Mogelege avvik mellom sikringsstrategi og dei sikringshandlane som er gjennomførte.

Rapporten skal også stadfeste at sum transaksjonar til kvar tid ligg innafor fastsette rammer eller heimla i delegert mynde etter denne risikostrategien. Dersom grensene ikkje er haldne, skal dette rapporterast til styreleiar.

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
41/16	KIKS - Styret	22.08.2016

Unntak frå risikostrategi

Dagleg leiar tilrår:

Styret godtar at eventuelle opne posisjonar på år 17 ikkje må lukkast før etter endeleg behandling av ny risikostrategi, og seinast innan 1. desember 2016.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Ein arbeider med revidering av ny risikostrategi, som skal vedtakast i løpet av hausten.

2. Kva er samanhengen mellom strategiplanen og denne saka

3. Saksopplysningar

Ein har klart utkast til ny risikostrategi, men denne medfører endringar i oppbygging og forvaltning av porteføljane. Det er derfor nødvendig at ein gjer fleire analysar og vurderingar for ein endeleg vedtek ny risikostrategi.

Neste styremøte er 30. september 2016. Dette er samtidig siste dagen ein etter gjeldande risikostrategi kan ha opne posisjonar på neste budsjettår, altså år 2017. Ein står altså nå i den situasjonen at ein må lukke avviksposisjonar på 2017, før ein har vedtatt ny risikostrategi.

4. Vurdering

Avviksposisjonane vi har tatt på år 2017, er tatt fordi ein har tru på prisoppgang ved levering av krafta i løpet av 2017. Per i dag har vi 6 MW på Q2-17 i avvikshandel, til ein marknadspris på ca 2,5 millionar. Analysane ein gjorde ved avvikshandel baserer seg på leveringstidspunktet, mens gjeldande risikostrategi inneber at ein må lukke alle opne posisjonar på neste budsjettår før siste kvartal. Dersom ein vedtek ny risikostrategi som er i trå med nåverande utkast, vil ein endre denne situasjonen, og opne for at ein kan sitte med større opne posisjonar ved inntreden i siste kvartal før budsjettår.

Ein skal i løpet av hausten 2016 vedta ny risikostrategi, og ein ber om at styret nå opnar for at ein ikkje må lukke eventuelle opne posisjonar på år 2017 før etter endeleg vedtak av ny risikostrategi.

Valle, den 15.08.2016

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar